



Hardanger og Voss Museum

5778 UTNE

Dato: 02.09.2015  
Vår ref.: 2015/7973-2  
Saksbehandlar: anethom  
Dykkar ref.:

## **Samanslåing av stiftinga Dagestadmuseet og stiftinga Hardanger og Voss museum**

Vedlagt er fråsegn frå Kultur- og ressursutvalet.

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Elisabeth Bjørsvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2015/7973-1

Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, Ronny Skaar, Per Morten Ekerhovd

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	128/15	20.08.2015

## **Samanslåing av stiftinga Dagestadmuseet og stiftinga Hardanger og Voss museum. Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune.**

**Samandrag**

Saka gjeld samanslåing av stiftinga Dagestadmuseet og stiftinga Hardanger og Voss Museum. Hordaland fylkeskommune er kjent med samanslåingsavtalen mellom dei to stiftingane. Hardanger og Voss museum er eit konsolidert museum i Hordaland. Samanslåinga er ei overdraging av eigedom/eigedelar frå stiftinga Dagestadmuseet til stiftinga Hardanger og Voss museum etter § 53 i stiftelsesloven «Et vedtak om omdanning kan gå ut på at to eller flere stiftelser slås sammen til en ny stiftelse, eller at en eller flere stiftelser overdrar sine eiendeler, rettigheter og forpliktelser som helhet til en annen stiftelse (sammenslåing).» Samanslåinga fører ikkje til vedtektsendring for stiftinga Hardanger og Voss museum.

**Forslag til vedtak**

1. Kultur- og ressursutvalet er positiv til samanslåing av stiftinga Dagestadmuseet og stiftinga Hardanger og Voss museum etter Stiftelsesloven § 53
2. Kultur- og ressursutvalet legg til grunn i si fråsegn at samanslåing skjer uavhengig av budsjettauke frå Hordaland fylkeskommune

**Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

1. Kultur- og ressursutvalet er positiv til samanslåing av stiftinga Dagestadmuseet og stiftinga Hardanger og Voss museum etter Stiftelsesloven § 53
2. Kultur- og ressursutvalet legg til grunn i si fråsegn at samanslåing skjer uavhengig av budsjettauke frå Hordaland fylkeskommune

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 03.08.2015

Dagestadmuseet er eit museum i Voss kommune knytt til kunstnaren Magnus Dagestad (1865-1957). Museet vart oppretta i 1950 og har sidan vore driven av familien. Hardanger og Voss museum er eit konsolidert museum i Hordaland med årlege driftsmidlar frå Hordaland fylkeskommune. Hardanger og Voss museum v/ Voss folkemuseum og Dagestadmuseet har hatt ulike former for samarbeid og avtalar frå 1990-talet og frametter.

Dagestadmuseet fekk fylkeskommunalt driftstilskot frå 1991 gjennom Voss folkemuseum som drifta museet. Då driftsavtalen ikkje vart fornya i 1996, fortsette Voss folkemuseum å føre over driftstilskot til Dagestadmuseet sjølv om Hordaland fylkeskommune i sine tildelingsbrev ikkje eksplisitt formulerte at ein del av tilskotet var øyremerkt Dagestadmuseet. Øyremerking av fylkeskommunale midlar i museumssektoren vart ikkje ført vidare etter museumsreforma. Hordaland fylkeskommune gjorde i brev datert 6. januar 2011 greie for det fylkeskommunale driftstilskotet til Hardanger og Voss museum etter museumsreforma. Dei fylkeskommunale løyvingane til dei konsoliderte einingane skal spegle museet si totale verksemd, slik at avtalar som Hardanger og Voss museum hadde med mindre museum/samlingar, var tilhøve mellom desse.

I Regional plan for museum 2011-2015 «Musea i samfunnet» er Dagestadmuseet nemnt som eit museum som har potensiale for konsolideringsprosess. I planen vert det gjort greie for dei alternativa som lokale museum og samlingar har for organisering: 1. Private/kommunen driv museet/samlinga. 2. Kommunen inngår ein samarbeidsavtale med eit regionalt ansvarsmuseum som får museumsfagleg ansvar for museet. Kommunen betaler for denne tenesta. 3. Museet vert teke inn i eit konsolidert museum. Ei konsolidering vil få konsekvensar for omfanget av driftsmidlar til det konsoliderte museet, og må såleis behandlast politisk av Hordaland fylkeskommune.

Samanslåing mellom stiftinga Dagestadmuseet og stiftinga Hardanger og Voss museum er ikkje ei konsolidering etter punkt 3. i avsnittet over. Dagestadmuseet overdrar i heilskap eigedelar og eigedom til stiftinga Hardanger og Voss museum. Det vert såleis ikkje etablert eit nytt fellesskap og ny organisering av verksemda. Ei samanslåing inneber ikkje vedtektsendring for Hardanger og Voss museum. Ei samanslåing vil skje uavhengig av om Hardanger og Voss får auka driftsmidlar frå fylkeskommunen.

Fylkestinget løyvde i 2013, sak 7/13, fordeling av museumsplanmidlar for 2013, museumsplanmidlane til *tiltak 5 Styrking av regionale ansvarsmuseum*. I Kultur- og ressursutvalet, sak 64/2013, fordeling av museumsplanmidlar på institusjonsnivå, fekk Hardanger og Voss museum 50 000 kr for å avklare Dagestadmuseet si framtidige rolle.

Bakgrunnen for samanslåingsavtalen er at det ikkje er økonomisk grunnlag for å drive Dagestadmuseet som eit sjølvstendig museum. Difor ser styret i Dagestadmuseet at livsverket til Magnus Dagestad best kan ivaretakast ved at samlingane inngår i Hardanger og Voss museum. Etter vedtektsendring for stiftinga Hardanger og Voss museum i 2014 har stiftinga eigedomsrett til alle gjenstandar og eigedom innkjøpt etter 1.1.2012. Det inneber at stiftinga Hardanger og Voss museum vert eigar av eigedomar og gjenstandar. Før vedtektsendringa var eigarskap knytt til det einskilde eigarstyret som utgjør Hardanger og Voss museum.

I sin budsjettsøknad for 2016-2018 har Hardanger og Voss museum søkt om 300 000 kr årleg til konsolidere med Dagestadmuseet, men eit slikt tilskot er altså ikkje ein føresetnad for samanslåing. Dette vil fylkesrådmannen ta stilling til i budsjettarbeidet. Hardanger og Voss museum viser til at golvflata i bygget som vert overdradd frå stiftinga Dagestadmuseet er på omlag 220 kvadratmeter. Eit nytt museumsbygg gir Hardanger og Voss museum meir magasinplass og vil også ha potensiale som besøksstad. Voss kommune støttar drifta av Dagestadmuseet med 40 000 kroner, og ein ynskjer at Hordaland fylkeskommune vil bidra. Samanslåingsprosessen og innhaldet i samarbeidsavtalen syner at samanslåing av dei to stiftingane skjer uavhengig av budsjetthandsaminga til Hordaland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune er positiv til ei samanslåing. Ein er kjent med at Dagestadmuseet har hatt utfordringar med drift og at ein i løpet av åra har hatt ulike formar for samarbeid med Hardanger og Voss museum, avdeling Voss Folkemuseum. Tematikken og samlingane som Hardanger og Voss museum no overtek, er såleis kjent for museet. Hardanger og Voss museum har vurdert ei samanslåing som eit bidrag til museet si verksemd.